



Tysseland Arkitektur AS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/6229 - 21/21247

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
26.03.2021

Mellombels bruksløyve - gbnr 323/611,612 tomannsbustad BK06 Frekhaug

Administrativt vedtak: Saknr:

Heimelshavar:	Boligbygg Vest AS
Søklar:	Tysseland Arkitektur AS
Søknadstype:	Søknad om oppretting av ny grunneigedom. Søknad om dispensasjon.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for heile tomannsbustad BK06 på gbnr 323/611 og gbnr 323/612 på følgjande vilkår:

- 1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande tiltaket: tomannsbustad BK06 med adresse Elvavegen 49 på gbnr 323/611 og med adresse Elvavegen 51 på gbnr 323/612.**
- 2. Ferdigmelding for VA-tilkopling med SOSI-koordinatar skal liggje føre, og vere godkjent i samsvar med tilbagemelding etter møte 09.12.20 frå avdeling for Samferdsel-, veg- og VA-forvaltning, før ferdigattest kan gjevast.**
- 3. Før kommunal veg KV01 skal overtakast av kommunen, må arbeidet med BK05 ferdigstillast.**
- 4. Søknad om ferdigattest skal liggje føre innan 01.12.2021.**

Ansvarleg søklar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka 18/2082 DS 239/2018, datert 17.09.18.

Ansvarleg søklar har opplyst i søknaden motteke 25.03.21 at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. **Ferdigmelding for VA-anlegget skal liggje føre godkjent før ferdigattest skal gjevast innanfor 01.12.2021.**
2. **Avfallsplan skal sendast inn innanfor 01.12.2021.**

Mellombels bruksløyve gjeld heile tomannsbustad BK06, gbnr 323/611, 323/612.
Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 01.12.2021.

Det vert elles vist til søknad motteken 25.03.21.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile tiltaket.

Skildring

Adresse:	Elvavegen 49 gbnr 323/611
Bygningstiltak:	Del av tomannsbustad
Bygningsnummer:	300704839
Bruksareal:	135,8 m2
Avløp:	kommunalt
Vatn:	kommunalt
Tal på røykløp:	1
Adresse:	Elvavegen 51 gbnr 323/612
Bygningstiltak:	Del av tomannsbustad
Bygningsnummer:	300704850
Bruksareal:	161,6 m2
Avløp:	kommunalt
Vatn:	kommunalt
Tal på røykløp:	1

Oppfølging av mellombels bruksløyve

Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset.
Bruksendring krev særskilt løyve.

Regelverk

- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delebert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/6229

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Boligbygg Vest AS

Fagerdalen 4

5039 BERGEN

Mottakarar:

Tysseland Arkitektur AS